

Jublande glad etter nesten 11 timars blodslit

På førhand vart det prata og skrive om ei vinnartid på rundt 15 timar. Thomas Andersen knuste alle førehandstips og gjennomførte fjellløpet Hornindal Rundt på langst under 11 timar.

Hans Holmøyvik
hans.holmoeyvik@fjordingen.no

– Heilt rått, var kommentaren vi hørde mellom eit sakkunnig publikum då 36-åringen frå Fana IL storma i mål på Grodås 10 timar 42 minutt og 25 sekund etter starten som var klokka ni laurdag morgon. Bergensaren imponerte stort og såg uforskamma sprek ut då han sleppte jubelen laus etter målpassering. Men han hadde ikkje problem med å vedgå at han var uhyre sliten etter kraftprøva i det som arrangørane i Hornindal IL marknadsførte som Norges tøffaste fjellløp. Og tøft var det:

-Eit frykteleg slit

– Heilt sjukt med stigning. Eg har vore med på mykje rart, men dette var eit frykteleg slit. Det einaste som har vore verre, er eit 35 timarsløp og gjennomførte med ski og pulk. Men på sommartid er dette det mest ekstreme eg har vore med på, sa ein sliten Andersen då han pusta ut etter målpassering.

Han leia frå start til mål. Einar Fannemel som nøydde seg med 35 kilometer, var imidlertid ikkje meir enn nokre sekund bak ved sin målgang ved Honndøla bru. Andre mann på 70-kilometeren vart Ivar Haugen frå langrenn.com BIL. Han var til slutt 23 minutt bak vinnar Andersen.

Eit 70 kilometer langt fjellløp med ei samla stigning på 5.200 meter er verkeleg ekstremt. Skodde både på Middagsfjellet og på løypa sitt høgaste punkt, Gulkoppen 1.306 meter over havet, gjorde det ikkje lettare. Også for dei som stilte på den halve distansen, var det ein stri



Thomas Andersen imponerte voldsomt og var jublande glad då han hadde passert målstreken etter 70 knalltøffe kilometer opp og ned i Honndalsfjella.

tørn med 2.750 høgdemeter å forsere.

60 var med

60 stod på startstreken då historias første Hornindal Rundt vart sett i gang. Halvparten hadde som mål å gjennomføre heile løpet. Ein del av desse gav seg etter halvgått løp. Nokre braut. Fleire tok natta til hjelp for å nå mål, slik at det gjekk fleire timar utover søndagen før dei siste var i mål.

Meir om løpet og resultatlista kjem vi tilbake til i onsdags-avisa. I tillegg til Thomas Andersen sin prestasjon tek vi med at Eline Fannemel vann dame-

klassen. Ho tok det med ro og kom i mål litt over klokka eitt søndag som einaste kvinne som fullførte det lange løpet. Tida vart 28 timar 11 minutt og 05 sekund. På den halve distansen hadde Einar Fannemel vinnartida 5 timar 09 minutt og 58 sekund. Ingvill Flo frå Stryn vann her dameklassen med tida 7 timar 59 minutt og 56 sekund.

Hornindal Rundt vart gjennomført på ein god måte og utan alvorlege uhell. – Ein vrikka fot samt at enkelte hadde behov for litt vegvising i skodde og nattemørke, elles gjekk det meste greitt i kraftprøva, seier løpsleiar Amund Sverre Tomasgard.



Heilt frå start, her på veg mot Kjøshalsen etter få kilometer, var Thomas Andersen i tet. Einar Fannemel var aldri langt bak bergensaren og vann den halve distansen.



Tre generasjonar Haugen er representantar for alle dei som tok Hornindal Rundt som ein tur utan det stor tidspresset. Elias Haugen (12) gjekk saman med pappa Rune og bestefar Nils den halve distansen som hadde mål ved Honndøla bru.